Kaffistova «tett atmed kaia»

Av Gisle Røthe, Sortland

"Kafedrift til leie, søker selvstendig vertskap til kafedrift". Slik var teksten i ein annonse i "Vesterålen" i april 1975. Dette skulle syne seg å bli slutten på ei 53 år lang historie med "Kaffistova" på Sortland. Denne hausten (2006), har det hendt noko igjen nede i Strandgata. Den erværdige Ellingsengården har fått påbygnad og "Pizzaloftet/Loftet", som den gongen kom i staden for Kaffistova, er blitt borte. Med dette er det slutt på ei over åtti år lang historie med serveringsstad oppe i andre etasjen, i sørenden.

Kaffistova på Sortland lå så sentralt til som det var mulig, rett over den store altmuligbutikken "Companiet". Inngangen opp til kafeen var døra til venstre. Takka vere arkiva etter Stova, kan vi no vise dette flotte bildet av begge. A/S Kaffistova står det tre gonger bortetter veggen. I butikken ser vi "gardinvinduet", " kjolevinduet", " lampevinduet", "skovinduet" og "porselensvinduet". Bildet er frå 1925.

Rundt århundreskiftet vart det starta mange ungdomslag rundt om i Vesterålen, og i 1904 kom U.L. Hugin til på Sortland. Etter at laget hadde slutta seg til Lofoten og Vesterålen Ungdomslag, klarte ein i 1922, i samarbeid, å få i stand eit selskap kalla A/S Kaffistova. I det første styret sat ein Berg-Rolness frå kretslaget som formann, Jørgen Strandskog vart varaformann og Ludvik O. Straume skulle vere skrivar og driftsstyrar.

I tråd med ideologien

Ungdomslagsrørsla arbeidde for at det offentlige livet i landet skulle pregast av norske tradisjonar og ikkje minst byggje på dei verdiar som var rotfesta i norsk bygdekultur. Målstrev, folkedans, skogplanting, teaterarbeid og altså kafedrift var verkemiddel i dette arbeidet.

Då den første stova åpna i Oslo, vart borgarskapen rasande over å få nynorsken innpå seg, og B.Bjørnson ropte ut at dette ikkje var "Dannelsens sprog". "Borgerskapet" hadde elles eit godt alternativ her hos oss, nemleg hotellet, som lenge bar namnet Turisthotellet.

Det kan vel diskuterast om ungdomslaga her hos oss var av dei mest oppglødde ideologisk. Ofte var innflytta lærarar drivkrafta i arbeidet, og dei sleit til tider med manglande interesse for nokre av dei ideale føremåla. Striden om folkedansen og den moderne dansen er døme på dette, og dessutan var nynorskbruken ikkje serleg populær i Vesterålen. Det er berre dei første åra at møteboka er skriven på nynorsk, men tilskota til Mållagsrørsla vart aldri heilt vekke.

Føremålet til selskapet A/S Kaffistova var iallfall kafedrift i leigde lokaler hos Georg A. Ellingsen, som då hadde fullbygd forretningsgården nede ved kaiområdet på Sortland. På styremøte i september tilsette ein ei Husmor, Hilda Christensen frå Sandnessjøen, og to "gjentor".

Ei vakker stove

"Denne kaffistova har alltid vore vakker", skriv ein lagshistorikar på femtitalet. Og det skal ha vore ei kjent sak mellom gjestar og bransjefolk dei første tiåra, at "husbunaden", eller møblemanget og innreidinga, var sers elegante. Møblane skal for det meste ha kome frå stova på Andenes, som ikkje lenger var i drift.

Dei flotte rosemåla og dei tunge utskorne møblane, var laga av ein Eilert Ospenes, som venteleg og stod bak dei sirleg utskorne biletrammene med portrett av nasjonen sine åndshøvdingar. Resten av veggane var pryda med flotte målarstykke av den lokale målaren Jens Berg, og dei var malte rett på veggen. Seinare kom det og opp bilete av ein annan sortlandsmålar, Solveig Wiik

Og stova låg høveleg til, i samme bygning som Companiet, stadens altmuligbutikk, og "tett atmed kaia", som dei også averterte med sjølv. I tillegg låg torget med busshaldeplassen og plassen for drosjebilane like nedafor.

Vøling og fornying

Men alle ting blir merkte av bruk, og i 1940, nett føre krigsutbrotet, vedtok styret å la malermester Brede frå Svolvær pusse opp og male møblane. Slik fekk alle møblane, også dei rosemåla, det tunge, mørke preget som vi kan sjå på bileta, som forresten vart selde som postkort i mange år.

Men kanskje vart det vel tungt, og då møblane attåt var nokså medtekne, tinga styret i 1953 lyse og lette bord og stolar. Dei nye møblane var laga ute på Brekka av A/S Møbelindustri, som også hadde levert lignande til Trønderheimen i Trondheim. Romma vart vølte og dei fekk eit lysare preg, lik den nye disken. Men godt var det at veggmålarstykkja vart tekne vare på. På denne tida var Alfhild Johnsen Husmor.

Stova etter vølinga i 1953. Annonse frå "Sortlandsboka", utgitt av Sortland Vel i 1954.

Styret for A/S Kaffistova i 1955. Frå venstre Ingebrigt Røthe, Gunnar Andersen, Ragnhild Strandskog Thomassen, Hans Mathisen og Anders Skoglund. Andersen var også i mange år ulønna vaktmeister for verksemda. Mathisen sat i styret i fleire årtier.

Her er det visst Musikkforeninga som er innom for ein kaffepause på ein festdag? Det ser ut til å vere i Harald Kolberg si dirigenttid, truleg i 1939, og vi ser kjente fjes som Tormod Hammer, Ernst Steiro, Osvald Johnsen, Alf Mikalsen, Edmond Riber, Åge Thomassen, Helge Selnes og Harry Andersen.
"Pippi" Kolberg eig bildet.

Sortland Dame Brigdekluhb holdt til på Kaffistova på femtitallet. Bakerst fra v: Sigrun Brørs, Ashjørg Heiring, fru Tønseth, Lilly Larsen (nå Paulsen), Gunnvor Pettersen, Gunvor Steiro, Maia Drechsler, Elsa Larsen, Margit Andersen. Mellomste rekke: Judith Andersen, Gina Ellingsen, Hermanda Rasmussen, Karen Elisa Berntsen, Josie Henriksen, Nilma Steiro, Ingrid Pronstad. Framst: Solveig Mårstad, Petrine Nyseth, Marie Luhr, Haldis Bvgdnes, Kari Nygård, Marit Erlandsen. Bildet tilhøyrer Gunvor Steiro.

Det var ein heller tung stil over Kaffistova si eldste innreidning. I det inste rommet var også bileta mørke, med veldige rammer. Motiva var portrett av "åndshøvdingar" som Landstad, Garborg og Elias Blix.

Slik så stova i midten ut dei første åra. Målarstykka på veggane her var måla av Jens Berg.

Livet på stova

Her kom folk av mange slag: Sjøgutten som var heime etter lange månader på langfart venta på skyssen heimafrå, bygdekona som hadde time hos tannlegen seinare på dagen, skoleeleven som visste at her hadde dei maten som sat i ei stund, og ikkje minst var det menn i arbeidsklede som hadde spisepause i små grupper.

Ulike lag hadde gjennom åra sine møte i dei tre "salane" på Kaffistova, her vart det spela bridge og halde kurs og øvingar i hundretal. Mellom anna hadde sjølvsagt ungdomslaget styremøta sine her.

Ei gruppe menneske, og nokon av dei lever framleis, kjem nok Kaffistova i hug med glede. Det er alle dei fleire hundre som under evakueringa i 1944 var oppom der og fekk eit godt måltid og omsorg, midt i dei harde dagene på rømmen søretter. Fleire av dei som tyskarane tvinga avgarde, vart boande her for resten av livet.

Drømmen om eige hus

Drifta i dei første åra gjekk nokonlundera, med oppturar og nedturar, og planar om eige hus dukka snart opp. Men dels av økonomiske grunnar, og dels fordi det aldri ordna seg med ei egna tomt, vart det aldri noko av. Men i 1928 fekk ein iallfall innreid eit rom på kvisten "for å ta mot ferdafolk", kalla nattherberge.

Så det var sers viktig å skaffe pengar: I 1925 kom radioen til landet, og då fann ein på å be inn folk for å hoyre radio mot avgift. 50 øre kosta det for ein halvtimes radiolytting oppe på stova. Og dette var lenge før slike apparat vart vanleg her hos oss.

Litt sladder

Dette var nok nyttig, men ei anna vanske følgde, seinare: I referatet frå eit styremøte i 1938 står det slik: "Forretningsføraren blir pålagd å gi husmora instruksar om ikkje å la uvedkommande sitte inne på kjøkkenet, og at helle ikkje husmora eller nokon av tenarskapet må ta med seg uvedkommande – og slett ikkje kara på sine private rom i stovebygnaden. Dette for at ikkje stova skal få ?uord på seg, meir enn ho alt har, på grunn av visse hendingar dei siste år."

Her skulle kommentarar vere overflødige, men allikevel: Slike "uord", eller rykte vil alltid kunne komme. Men sanninga er vel at det var vel få unge jenter som vart så påpassa som desse.

Av andre "pikanterier" i møtebøkene, kunne ein nemne driftstyraren som aldri makta å gjere opp for ei gammel gjeld, en tidlegare leiar som selde seg ut og melde seg ut, utan at det går fram kva det eigentlig stod om, og endeleg at styret etter munnleg drøfting godtok oppseiing av alle tilsette og ny utlysing (1953). Men store bølgjer var det aldri, og det var stødige sortlendingar som stod bak.

Mot slutten

I gode tider var elles styret ofte gåvmild og ytte pengar til mange gode føremål. Lofoten og Vesterålen Ungdomslag var største aksjonæren, så ofte vart det løyvd stønad til andre kaffistover som hadde vanskar med økonomien. Men også andre, som ungdomslag og humanitære lag fekk noko, og ein ga t.d. 2000 kr til skolefana på Sortland Folkeskole.

Men også sortlandsstova fekk vanskar. Styret strevde for å "fylgje med tida", og etterkvart kom det vaskemaskin, iskremboks, saftbeholder, svingdør til kjøkkenet, "Jukeboks" og i 63 til og med "spilleautomat". Og styresmaktene kravde i 1955 at det skulle innstallerast WC, ikkje mindre enn to!

Allikevel nærma det seg slutten, og i styreprotokollen vart nedlegginga grunngjeve om lag slik: Brua gjorde slutt på fergeventinga, bussane flytta søretter i byen, og då vurderte styret flytting både dit og opp til Vesterålsgata. Mange verksemder fekk eigne spiserom og varehusa starta med eigne kafear. Dessutan kom Kommune og Helseråd med stadig strengare krav til lokala og drifta, og dette kravde investeringskapital som ikkje var lett å skaffe.

Etterkvart fekk konkurrentane løyve til å servere alkohol, og på den banen ville ungdomslagsrørsla ikkje tevle. Ja, heile tidsånda kravde andre slag serveringsstader, ikkje minst ungdommen var misnøgd. Så det var ikkje lett for ei slik tradisjonsrik verksemd å halde tritt. Ein kunne heller ikkje rekne med så mykje frivilleg hjelp i arbeidet som i ungdomslaga si stortid. Slik hjelp hadde i alle år vore naudsynt for å halde drifta gåande.

Ettertid

"En tur innom Kaffistova hørte med til en bytur", skreiv ein bladfyk i 1975, då det var slutt. "Sortland er blitt et kulturstød fattigere. Ennå går langveisfarende på dørene, tar i klinken og gir uttrykk for skuffelse…"

Då utlysinga i 1975 kom, hadde ein allereide sidan 1972 freista med ei utleigeordning, det vil seie at selskapet lot andre drive for seg, men framleis under det gamle namnet. Men i august 75 var det slutt, og etter ei tid var det Harald Michal Jacobsen i full gong med det noko meire moderne "Pizza-loftet" i lokala. I desse dagar er loftet-perioden også over, og all verksemda er flytta ned i første høgda.

I åra etter nedlegginga har ansvarlege folk teke hand om eignelutar og kasse, og drive samfunnsgagnleg arbeid i ånda til dei folkelege rørslene som skipa laget. Stein Lagesen har i mange årtier vore ankeret i dette arbeidet. Bileta er lånte ut til ulike stader som biblioteket, sjukeheimen, bygdehuset på Selnes og huseigar Ellingsen sine verksemder. Slik heng dei og minner oss om åra som gjekk.

Denne artikkelen er skriven i samråd med Stein Lagesen, og arkiva etter A/S Kaffistova er den viktigaste kjelda, saman med Bladet Vesterålen.

Slik averterte eigarane åpninga av den nye Kaffistova i den unge avisa "Vesterålen" i 1922. Seinare på kvelden var det stor fest med skodespelet "Stølshelg" og dans i Festiviteten.

Samme året som radiosendingane i landet tok til, kunne sortlendingane få høyre på. L.O.Straume var ein oppfinnsom kar! Vi veit ikkje korleis dette gikk. Frå "Vesterålen".

Kvardagsbunad var det mest vanlege "uniformen" til kafejentene, men i periodar nytta ein slike forkle, som var vanleg i andre kafear. Her er Erna Kristoffersen i aksjon. Vi seier oss lei for at bildet er noko skadd.

I åra med Pizzaloftet har musikken spela ei stor rolle i drifta. Mange kjende orkester har spela her. Her er det "Ytre Suløen" som svingar i veg tidleg på åttitalet. På denne konserten var Sortland Minikor også med og fekk synge med orkesteret. Privat foto.